

Treng betre informasjon om oljelønsemd

Olje- og energiminister Terje Søviknes har fått køyrt seg i det siste. Ein grunn er at han ikkje kunne svare raskt og presist då Stortinget ville vite kor tid Staten ville få att skattepengane ein har lagt inn i Goliat-prosjektet i Barentshavet. I ettertid har det hagla med overslag frå ulike hald, før ministeren omsider fekk samla seg og presentert regjeringa sitt beste skjøn for lønsemda i feltet. Alt i alt ein episode som ikkje tener den norske modellen for ressursforvaltning til ære.

Kva som er gode og dårlege estimat for lønsemda i Goliat-prosjektet er ein diskusjon eg skal la liggje i denne omgang. Det kan nemleg være større grunn til uro over at sentrale politikarar og styresmakter

ikkje kan svare raskt og presist på spørsmål om økonomien i olje- og gassfelta våre. Og det i landet som stadig slår seg på brystet over eit eineståande forvaltningsregime for olje- og gassressursane.

Meir naturleg ville det vore om kven som helst kunne få greie på styresmaktene sine vurderingar av økonomi og lønsemd i olje- og gassfelta våre nær sagt kor tid som helst. Aller helst i sanntid. Trass alt er me jo i 2017, og til liks med alle andre næringer så er det jo automatisering og digitalisering som står framst på plansjane og frå petroleumsnæringa.

Uansett er det neppe så komplisert som enkelte vil ha det til. Kvart olje- og gassfelt er omfatta med mykje informasjon om kostnader, produksjon og inntekter i opphavleg plan for utbygging og drift (PUD) på utbyggingstidspunktet. I tillegg

kjem at Oljedirektoratet allereie i dag informerar om feltvis produksjon, investeringar og utvinnbare ressursar på løpande basis.

Vidare har ein gode tal for oppnådde olje- og gassprisar, sjølv om slike prisar ikkje er offentlege for kvar enkeltfelt.

Denne informasjonen kan koblast til feltspesifikke utsikter for produksjon, investeringar, slik at økonomien i feltprosjekta kan overvåkast på løpande basis. Naturleg nok vil ein trenge visse tilleggsføresetnadar - for olje- og gassprisar, for driftskostnader og framtidige produksjonsprofilar i dei ulike felta. Men med dei store interessene staten har i desse felta, så burde ein kanskje forvente at styresmaktene har eit eige og uavhengig syn på dei viktigaste verdidrivarane i olje- og gassfelta.

For stat og samfunn er lønsemd før skatt det mest



Klaus Mohn, professor ved Universitetet i Stavanger

relevante målet på avkastning, så i første omgang kunne ein starte her. Resultatet kunne vore eit sett av forenkla feltrekneskap, samt utsikter for resten av levetida for dei same felta, med løpande oppdatering av utsikter for produksjon, verdiskaping og lønsemd basert på informasjon frå Oljedirektoratet, samt føresetnadar om olje- og gassprisar i tråd med Nasjonalbudsjettet.

Med nokre veker til hjelp var det akkurat eit slikt sett av informasjon ein lykkast i å oppdrive for Goliat-feltet. Dermed burde det være overkommeleg å utvikle eit tilsvarende reknestykke for dei andre feltprosjekta på norsk sokkel,

som deretter kunne haldast løpande ved lag.

Med dei store økonomiske interessene staten har i norsk olje- og gassverksemd, burde tilgangen til informasjon være minst like god som i andre delar av staten sitt eigarskap.

Med eit levande oppdatert talsett for økonomisk informasjon om olje- og gassfelta på norsk sokkel ville Søviknes sleppe å springe beina av seg for å skaffe brukbare tal kvar gong nokon lurar på kva regjeringa måtte meine om lønsemda i enkeltfelt på norsk sokkel.

I tillegg ville eit slikt apparat gjere det mindre komplisert å overtyde politikarar og publikum om at skattepengane våre er i gode hender, sjølv når dei blir investert i olje- og gassprosjekt.

Klaus Mohn, professor ved Universitetet i Stavanger